



Styre, utval, komite m.m	Møtedato	Saknr
Eidfjord formannskap	11.06.2018	18/068

Søknad om dispensasjon til å fjerna gamalt naust og føra opp nytt ved Isdalsvatnet. Gnr 28, bnr 2. Tiltakshavarar: Kari og Jostein Hovland

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Det vert gjeve dispensasjon frå forbodet mot tiltak i 100-metersbeltet langs vassdrag i kommuneplanen sin arealdel for å fjerna restane av det gamle naustet på gbnr 28/2 og føra opp nytt på same staden, jf. pbl § 19-2.

Det vert gjeve løyve til å fjerna restane av det gamle naustet og føra opp nytt på gbnr 28/2 i samsvar med søknad, jf pbl § 21-4 jf § 20-1 a jf § 20-4 a og e. Løyvet vert gjeve på følgjande vilkår:

- Reint trevirke kan kappast opp og nyttast som ved. Anna bygningsavfall må leverast til godkjent mottak. Kvittering for levering av bygningsavfall til godkjent mottak skal leggjast fram ved førespurnad.

Naustet skal ha storleik på 5,3*3,4 meter = BYA 18 kvm, høgd inntil 2,85 meter i forkant, torvtak, og ha utsjånad i samsvar med søknad/innsendte teikningar.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

11.06.2018 - Eidfjord formannskap

Ugild	Sak	Følgjande varamedl. møtte
Hovland, Kari Tveit	18/068	Rokne, Liv Bente Stakseng, EAP

Ordførar Anved Johan Tveit stilte spørsmål om sin gildskap i saka. Gunvall Medhus leia møtet i saka om gildskap.

Røysting gildskap:

Anved Johan Tveit vart røysta gild i saka.

Røysting sak:
Samrøystes vedteke.

FSK - 18/068 - Vedtak:

Det vert gjeve dispensasjon frå forbodet mot tiltak i 100-metersbeltet langs vassdrag i kommuneplanen sin arealdel for å fjerna restane av det gamle naustet på gbnr 28/2 og føra opp nytt på same staden, jf. pbl § 19-2.

Det vert gjeve løyve til å fjerna restane av det gamle naustet og føra opp nytt på gbnr 28/2 i samsvar med søknad, jf pbl § 21-4 jf § 20-1 a jf § 20-4 a og e. Løyvet vert gjeve på følgjande vilkår:

- Reint trevirke kan kappast opp og nyttast som ved. Anna bygningsavfall må leverast til godkjent mottak. Kvittering for levering av bygningsavfall til godkjent mottak skal leggjast fram ved førespurnad.

Naustet skal ha storleik på 5,3*3,4 meter = BYA 18 kvm, høgd inntil 2,85 meter i forkant, torvtak, og ha utsjånad i samsvar med søknad/innsendte teikningar.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Vedlagt:

9 fotografi tekne på synfaring 1.6.2018.

Desse har uttalt seg i saka:

Fylkesmannen i Hordaland
Hordaland fylkeskommune

Særutskrift skal sendast til:

Kari og Jostein Hovland
Hordaland fylkeskommune
Fylkesmannen i Hordaland

Endeleg avgjerd i:

Formannskapet

Saka gjeld:

Kari og Jostein Hovland har søkt om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel, der det heiter at tiltak som nemnt i pbl §§ 20-1 mfl «ikkje [vert] tillate i inntil 100m frå vassdrag». Isdølo med Isdalsvatnet er opplista av vassdraga som er omfatta av føresegna. Nauset det er søkt om ligg rett ved Isdalsvatnet.

Søklarane ønskjer å fjerna restane av det gamle naustet og føra opp nytt.

Hordaland fylkeskommune har ingen merknadar til tiltaket. Fylkesmannen i Hordaland er ikkje kome med uttale.

I dag ligg det berre tuftene att etter eit naust, sjå vedlagt foto. Naustet er SEFRAK-registrert, og ifølgje denne registreringa oppført ein gong på 20-30-talet. Murane som står att i dag er oppgjevne til å vera om lag 4,5*1,8 meter.

Søkjaraane ønskjer å føra opp eit naust som er 5,3*3,4 meter, altså ein del større enn det opphavlege naustet. Naustet skal ha ei mønehøgde på inntil 2,85 meter, med innvendig høgde frå 2,5 til 1,5 meter (skrånande tak). Naustet skal liggja noko inn i terrenget, og ha utvendig høgde på 2,35 meter i bakkant.

Dispensasjonsføresegna i plan- og bygningsloven finst i §§ 19-1 flg.

Utgangspunktet er at dispensasjon krev grunnngjeven søknad jf § 19-1.

Naboar skal varslast. Naustet ligg på ein eigedom som er eit uregistrert jordsameige. I denne saka er Simadal sameiga informert, og slik det går fram av referatet frå sameiget sitt årsmøte 20.5.2017, vart naustet godkjent av årsmøtet.

Etter pbl. § 19-2 kan det ikkje gjevast dispensasjon dersom omsyna bak føresegna det vert dispensert frå, eller omsyna bak lova si føremålsføresegn vert «vesentlig tilsidesatt.» Samstundes må føremonane ved dispensasjon vera «klart større» enn ulempene.

Ordlyden «vesentlig tilsidesatt» syner at sjølv om omsyna bak føresegnene det vert dispensert frå kan måtta verta tilsidesette i ein dispensasjon, skal det ikkje skje i vesentleg grad.

Kommuneplanen seier ingenting om bakgrunnen for forbodet. Men i vurderinga av formålet bak planen sin 100-metersregel, kan ein nok sjå til formålet med pbl sitt forbod mot tiltak i «100-metersbeltet langs sjøen og langs vassdrag», nedfelt i § 1-8. Eigentleg er dette forbodet berre gjenteke i kommuneplanen.

Grunngjevinga for forbodet i lova er, som det kjem fram i forarbeida (ot.prp.nr.32 (2007-08)), å ta omsyn til «natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser.»

I lagmannsrettsdommen LA-2015-197645 utdjuar retten at «formålet med bestemmelsene er å beskytte allmennhetens interesser, natur, friluftsliv og naturmangfold. Allmennhetens interesser er blant annet relatert til ferdsel, naturopplevelse og rekreasjon.»

Forbodet har sjølv sagt samband med det faktum at mange ønskjer å byggja hus eller hytter nær sjø og vassdrag, og at dette fører til auka privatisering. Det fører igjen til at ålmenta sin tilgang til desse områda vert betydeleg avgrensa. Byggjeforbodet i strandsona er nok særleg mynta på bygningar, som er blant dei tiltaka som i størst grad privatiserer.

Plan- og bygningslova si § 1-1 nemner ytterlegare berekraftig utvikling, langsiktige løysingar, samt konsekvensar før miljø og samfunn. Både individet og fellesskapet sine interesser skal takast omsyn til, og bruk av ressursar skal vurderast i samband med samfunnsplanlegginga.

Dei aller fleste byggverk vil bidra til privatisering, så også dette. I denne saka er likevel bygningen det er snakk om eit naust, ikkje eit bygg som er meint for varig opphald. Det er eit nyttebyggverk. Dette reduserer faren for privatisering av vassdraget og vatnet, og oppføring av naust vil nok truleg ikkje påverka ålmenta sin bruk av området, tilgang til strandsona eller moglegheit til ferdsle. Naustet sin planlagde storleik er heller ikkje særleg stor, og det kjem som erstatning for eit naust som allereie har stått på eigedomen.

Søkjaraane meiner at eit brukbart naust vil vera eit vesentleg bidrag til betre forvaltning av fiskebestanden i Isdalsvatnet. Dei utdjuar dette med at enklare tilgang med båt vil auka fisket, som vil redusera fiskebestanden og medføra at attlevande fisk får betre vilkår, noko som igjen vil gje betre moglegheiter for sal av fiskekort.

Dette vil kunna vera i tråd med pbl § 1-1, og omsynet til berekraftig utvikling og følgjer for miljø og samfunn.

Omsyna bak føresegna det vert dispensert frå, vert etter kommunen sitt syn ikkje sett vesentleg til sides.

Dette åleine er likevel ikkje nok til å gje dispensasjon.

Spørsmålet er om fordelane ved dispensasjonen er «klart større» enn ulempene.

Ordlyden i vilkåret tilseier at vanleg interesseovervekt ikkje er nok. Forarbeida til plan- og bygningslova, ot.prp.nr.32 (2007-2008), utdjuper at det må «foreligge klar overvekt av hensyn som talar for dispensasjon.» Det vil normalt ikkje kunne gjevast dispensasjon «når hensynene bak bestemmelsen det søkes dispensasjon frå fortsatt gjør seg gjeldende med styrke.»

Ein lyt altså vega føremonane mot ulempene i denne konkrete saka.

Ei ulempe er sjølvst at eit naust vil kunna føra til auka bruk av området, og det vil vera eit synleg inngrep i eit terreng der det er ønskt minst mogleg inngrep. Området rundt vatnet er rimeleg urørt i dag. Sjølv om naust er eit nyttebygg, vil ein ikkje kunne unngå ein viss privatiserande verknad.

Søkjarane, som har part i Simadal sameiga, har fiskerettar i området, som dei vil kunna utøva uavhengig av om naustet står der eller ikkje. Uavhengig av om dei nyttar vatnet meir etter eit eventuelt naust er sett opp eller ikkje, vil dei uansett berre utøva dei rettane dei likevel har i vatnet. Gardane i Simadal har typisk hatt støl og kanskje naust i tilknytning til stølen.

Eit relevant spørsmål er om det å føra opp naust der det er søkt om i realiteten er eit heilt nytt bygg, eller om det er snakk om vøling/gjenoppbygging av eit allereie beståande naust. Det må vera vanskelegare å få løyve til nybygg enn til vøling av eksisterande, då førstnemnde er eit mykje meir inngripande tiltak.

Det er klart at det har stått eit naust der søkjarane no ønsker å byggja. Det står att gamle murer, og det er ikkje tvil om kva slags bygg som har vore her. Nokon bygning med tak har likevel ikkje stått her på fleire tiår. Naustet har forfalle, og til slutt står no berre murane att. På ein måte er det snakk om eit nytt tiltak på eit ubygd område. Samstundes er det ikkje mogleg å la tiltaket falla inn i den kategorien heller: Det er som sagt ingen tvil om at det har vore eit bygg på eigedomen, og omtrentleg storleik. Murane er av ein slik storleik at dei legg ein viss begrensning på bruken av stranda akkurat her.

Naustet har vore nytta som del av stølsdrifta. Om det skal først opp naust i det heile no, vil det vera ein klar fordel at det ikkje skjer på ein ny stad. Det ligg elles diskre til, og vil nok gå ganske godt inn i terrenget slik det er planlagt bygd. Utfrå murane å døma, vil skrånande tak vera i samsvar med det opphavlege naustet sin utsjånad. Det vil neppe vera eit hinder for ferdsle og friluftsliv i området, og heller truleg ikkje ha særleg stor silhuettverknad. Det ligg inntil ein stor stein, og skal ha skråtak ned mot bakken.

Søkjarane skriv at dei vil nytta naustet til å lagra båt og fiskereiskap, og at tilgang på naust med utstyr til fiske vil kunna gjera forvaltninga av fiskebestanden i vatnet enklare og betre. Dette er sjølvst ønskjeleg. I kva grad eit naust med utstyr på staden i røynda vil føra til auka fiske i vatnet og difor betre fiskebestand er vanskeleg å seia konkret, men det er ikkje usannsynleg. Når ein ikkje må bringa med seg utstyret til fjells kvar gong, vil det nok opna for større bruk av vatnet.

Betre forvaltning av fiskebestanden i Isdalsvatnet vil kunna føra til større sal av fiskekort, og slik større glede og nytte for ålmenta.

Søklarane skriv vidare at ved eit naust vil det vera mogleg å frigjera meir strandlinje ved Eitrotangen. Det er her båtane og utstyret til søklarane no ligg. Om desse vert fjerna, meiner søklarane at det vil vera til fordel for natur- og kulturmiljø, friluftsliv og allmenne interesser, då større del av området vert tilgjengeleg.

Fordi utstyret som vert lagra ved vatnet i røynda nok vil vera det same med og utan naust, er det usikkert om meir strandlinje vert frigjeve. Eit naust vil privatisera meir enn noverande løysing. Samstundes er nok ikkje argumentet heilt feil: Sidan det openbert er restar av ein bygning der søklarane ønskjer å byggja naustet, vert den privatiserande verknaden redusert. Tiltaket vil ha ein annan karakter enn om det skulle førast opp eit naust der det tidlegare ikkje har stått ein bygning.

Strandlinja der nausttuftane ligg er prega av nettopp at dette området har vore nytta til bygning. Om båtar og utstyr ved Eitrotangen vert flytta til naustet, vert nok eigentleg strandlinja opna meir opp for allmenn ferdsle og friluftsliv. Det vil vera ein fordel.

Avveginga i denne saka må vera ulempene med den privatiserande verknaden tiltaket vil ha mot fordelene av mogleg betre forvaltning av fiskeressursane i vatnet og «opprydning» i strandlinja rundt Isdalsvatnet.

Det vil sjå ut som om fordelene med auka fiske, betre fiskeforvaltning og opprydning av strandlinja ved Eitrotangen i dette høvet vil vera klart større enn ulempa ved auka privatisering. At det nye naustet vert noko større enn det gamle, og bygd utan tørrmurar, men med støypt plate, påverkar etter kommunen sitt syn ikkje denne vurderinga.

Under føresetnad av at dispensasjon vert gjeve, kan tiltaket godkjennast etter pbl § 20-1 a jf § 20-4 a og e. Tiltakshavar kan stå føre tiltaket.

Geir Underhaug
rådmann

Pettersen, Louise Christine
sakshandsamar

Rett utskrift: